



«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Synneve Skei	901 46 818	2024/5167-11	«REF»	11.02.2025

Godkjenning av utslepp av sanitært avløpsvatn - 216/22,23 og 216/7

Søknad om utslepp av sanitært avløpsvatn for to bustadhus - 216/22 og 216/23, samt eitt bustadhus - 216/7 - tiltakshavar Hans Helge Vik i Vikenesvegen 30 er godkjent.

Utsleppsløyvet gir ikkje løyve til tiltak som kjem inn under krav til søknadsplikt i plan- og bygningslova. Du kan ikkje starte gravearbeid før du har fått løyve etter plan- og bygningslova.

Tillaten løysing

Vi har gitt løyvet til utslepp av sanitært avløpsvatn med heimel i forureiningsforskrifta § 12- 5.

Løysinga vi har gitt løyve til, er ein Kingspan VPI Klagester slamavskiljar med storleik på 7 m³. Løyve gjeld for to bustadhus med gbnr 216/22 og 216/23 med ein størst forventa belastning på 10 personekvivalentar (pe).

Saman med denne søknaden vert det meldt inn om eit eksisterande anlegg for eitt bustadhus med gbnr 216/7. Dette avløpsanlegget nyttar ein Bokn plast slamavskiljar på 4 m og er stadfesta er av ansvarleg søkjar i forskriftsmessig stand. Dette anlegget er i følgje anleggseigar ikkje søkt om då det vart anlagt. Anleggseigar har kjøpt eigedomen i seinare tid og kjenner ikkje til når dette anlegget vart etablert.

Avløpa frå 216/22,23 og 216/7 skal bruka felles sjøleidning ut i straumførande sjø og bort frå brukarinteressar.

Det vert gjeve løyve til utslepp på fylgjande vilkår

Kvinnherad kommune har gitt løyvet på bakgrunn av opplysningane i søknaden av 07.11.2024, samt utfyllande opplysningar datert 28.01.2025. Vilkåra for løyvet er at du skal etablere og drive utsleppet i samsvar med

- krava i forureiningsforskrifta §§ 12-7 til 12-13
https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-06-01-931/KAPITTEL_4#KAPITTEL_4

- forureiningslova § 24, eigar av anlegget er ansvarleg for drift og vedlikehald
- opplysningane i søknaden og tilleggsplysningane

Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at myndighetene skal syte for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

Andre krav utenom standardvilkåra:

- Straks arbeidet med avløpsanlegget er ferdig, skal ferdigmelding sendast inn. Godkjenning av utsleppsløyve må på plass før søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova. Det vert ikkje gitt ferdigmelding (gjelda også midlertidig) på tiltaket før vilkåra i utsleppsløyve er oppfylt. Saman med søknaden om ferdigmelding skal du sende inn eit kart i målestokk 1:500 eller 1:1000. Kartet skal vere målsett, og det må vise kummar, grøfter og tømme plass. Alternativt kan du sende inn koordinatane. Ta bileter undervegs i prosjektet og send saman med ferdigmelding som dokumentasjon på utføringa. Her kan bileta og innmålingsdata som du sender til VA i samband med leidingsregisterforskrifta brukast.
- Alle leidningar skal målast inn i hht Leidningsregisteringsforskrifta og VA-norm for Kvinnherad kommune. Innmålingsdata inkl. foto skal sendast til va@kvinnherad.kommune.no
- Du må følge drift- og vedlikehaldsinstruksen. Løyvet er berre gyldig så lenge du følgjer og opprettheld denne eller tilsvarande avtale.
- Avstanden frå slamavskiljar og fordelings- eller pumpe kum til tømme plass må vere slik at den er tilgjengeleg for tømning og tømmeravstanden skal ikkje overstige 100 meter. Slammet må leverast til eit lovleg renovatørfirma.
- Tanklokket skal vere forsvarleg sikra til kvar tid. Dei skal ikkje dekkjast til, men vere tilgjengelege for inspeksjon og tømning.
- Takvatn/ overvatn må ikkje førast til avløpssystemet.
- Etablering av stikkleidningar er søknadspliktig etter plan og bygningslova. Ta kontakt med avdeling for byggesak og geodata dersom de treng rettleiing eller har spørsmål.
- Dersom etableringa av stikkleidningar og kummar kjem på andre grunneigarar, må grunnavtalen på plass før arbeidet kan ta til.
- Er arbeidet ikkje starta opp innan tre år etter at løyve er gjeve, fell godkjenninga vekk. Pålegg om påkobling av offentleg nett er eit krav dersom det seinare vert etablert i nærleiken.
- Anlegget må følge krav til funksjon, teknisk utforming og drift - og vedlikehald i Miljøblad nr 48 for slamavskiljar <https://www.vablad.no/wp-content/uploads/2014/10/Blad-48-14.08.14.pdf>

Kommunen har høve til å gå tilsyn både før og etter anlegget er bygd.

Vurdering av søknaden

Saka gjeld eit utslepp frå to bustadhus der eit nytt avløpsanlegg skal etablerast. Det er opplyst i søknad at felles sjøleidning som skal nyttast, skal dykkast ned til 30-40 meters djupne. Forventa belastning på utsleppet for dei to bustadhusa med gbnr 216/22 og 23 vert på 10 pe. For enkeltutsleppet på gbnr 216/7 er belastninga på 5 pe.

Ansvarleg søkjar for tiltaket er HH Rør og Eigedom, ved Helge Hus.

Anlegget må driftast og verta vedlikehalde slik at vassforskrifta sine krav om god miljøtilstand i vassførekomstane vert oppnådd. I dette tilfelle gjeld det i resipienten Vikeneset som ligg i Klosterfjorden.

Tankeigar skal følgja dei ordinære slamtømming som er fastsatt i kommunen si Forskrift for innsamling av hushaldsavfall og tømming av slamavskiljarar og tette tankar
https://sim.as/wpcontent/uploads/2014/10/forskrifter_alle_komm_0708.pdf

Du og aktuelle parter kan klage på vedtaket

Du kan klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker. Hugs å grunngi klagen og føre opp kva endringar du ønskjer. Send klagen til post@kvinnherad.kommune.no

Også andre som dette løyvet til utslepp vedkjem, for eksempel nære naboar, kan klage på vedtaket. Dersom nokon klagar på løyvet, installerer du anlegget på eigen risiko. Kommunen kan bestemme at løyvet ikkje kan takast i bruk før klagen er avgjerd. Kommunen si avgjerd om dette kan ikkje påklagast, jamfør forvaltningslova § 42.

Du har rett til å sjå dokumenta i saka.

Du har også rett til å sjå alle dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19. I denne saka er dokumenta offentlege, og alle som ynskjer, har rett til å sjå og gjere seg kjende med dei.

Du må betale eit saksbehandlingsgebyr.

Kommunen si behandling av søknader om løyve til utslepp er omfattet av ei gebyrordning, sjå gebyrregulativet til kommunen. Du vil få tilsendt en faktura.

Har du spørsmål?

Dersom du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med saksbehandlaren vår på kontaktinformasjon tlf. 90146818 og/eller e-post.

Med helsing

KVINNHERAD KOMMUNE

Synneve Skei
Saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Vedlegg - standardkrav i forsikringsforskrifta

Paragrafane nedanfor er eit utdrag frå forureiningsforskrifta. Det er desse krava som er relevante for løyvet vi har informert om i dette brevet. Heile forureiningsforskrifta finn du på www.lovddata.no.

§ 12-7. Avløpsnett

Avløpsnettet skal, uten at det medfører uforholdsmessige store kostnader, dimensjoneres, bygges, drivs og vedlikeholdes med utgangspunkt i den beste tilgjengelige teknologi og fagkunnskap, spesielt med hensyn til a. avløpsvannets mengde og egenskaper, b. forebygging av lekkasjer, og c. begrensning av forurensning av resipienten som følge av overløp.

§ 12-8. Utslipp til følsomt og normalt område

Sanitært avløpsvann med utslipp til følsomt og normalt område, jamfør vedlegg 1 punkt 1.2 til kapittel 11, skal minst etterkomme: a. 90% reduksjon av fosfor og 90% reduksjon av BOF 5 dersom det foreligger brukerinteresser i tilknytning til resipienten, b. 90% reduksjon av fosfor og 70% reduksjon av BOF 5 for resipienter med fare for eutrofiering hvor det ikke foreligger brukerinteresser, eller c. 60 % reduksjon av fosfor og 70 % reduksjon av BOF 5 dersom det foreligger brukerinteresser eller fare for eutrofiering Renseeffekten skal beregnes som årlig middelvei av det som blir tilført renseanlegget. Dersom det kun slipper ut gråvann, skal gråvannet gjennomgå rensing i stedegne løsmasser eller tilsvarende.

§ 12-9. Utslipp til mindre følsomt område

Sanitært avløpsvann med utslipp til mindre følsomt område, jamfør vedlegg 1 punkt 1.2 til kapittel 11, skal ikke forsøple sjø og sjøbunn, og minst etterkomme a. 20% reduksjon av SS- mengden beregnet som årlig middelvei av det som blir tilført renseanlegget, eller b. 180 mg SS/l ved utslipp beregnet som årlig middelvei. Dersom det kun slipper ut gråvann, kan gråvann med utslipp til sjø slipper urensset til resipient.

§ 12-10. Dokumentasjon av rensegrad

Minirensanlegg skal ha dokumentasjon som tilfredsstillende NS-EN-12566-3 eller tilsvarende standard for rensegrad, slamproduksjon og gjennomsnittlig lufttemperatur. Øvrige renseanlegg skal ha dokumentasjon på at anerkjent dimensjonering og utforming er benyttet. Renseanlegg med naturlig infiltrasjon i grunnen skal i tillegg ha dokumentasjon på anleggets størrelse og plassering er tilpasset de aktuelle vannmengdene og grunnforholdene på stedet. Dokumentasjonen skal omfatte grunnundersøkelser og informasjon om hydraulisk kapasitet, infiltrasjonskapasitet, løsmassenes egenskaper som rensemedium og risiko for forurensning. Løsmassenes egenskaper som rensemedium kan unnlates fra dokumentasjonen dersom renseanlegget kun renses gråvann. Dokumentasjonen skal utføres av nye fagkyndige. Prøver skal analyseres av laboratorier som er akkreditert for de aktuelle analysene. Analysemetoder nevnt i vedlegg 2 punkt 2.2 til kapittel 11 skal benyttes. Alternativt kan analysemetoder med dokumentert høy korrelasjon med analysemetodene i vedlegg 2 punkt 2.2 til kapittel 11 benyttes.

§ 12-11. Utslippssted

Utslippssted for avløpsvann fra renseanlegg skal lokaliseres slik at a. utslipp til sjø og ferskvann lokaliseres minst 2 m under laveste vannstand, b. utslipp til elv kun forekommer til elv med helårsavrenning, c. utslipp til grunnen kun forekommer til stedegne løsmasser. Utslippssted for avløpsvann fra renseanlegg skal for øvrig lokaliseres og utformes slik at virkningene av utslippet på resipienten blir minst mulig og at brukerkonflikter unngås, herunder slik at utslippet ikke medfører fare for forurensning av drikkevann.

§ 12-12. Lukt

Avløpsanlegget skal dimensjoneres, bygges, drives og vedlikeholdes på en slik måte at omgivelsene ikke utsettes for sjenerende lukt.

§ 12-13. Utforming og drift av renseanlegg

Renseanlegget skal dimensjoneres, bygges, drives og vedlikeholdes slik at det har tilstrekkelig yteevne under alle klimatiske forhold som er normale for stedet der de ligger. Ved utformingen av anlegget skal det tas hensyn til variasjoner i mengde sanitært avløpsvann i løpet av året. Minirensanlegg skal drives og vedlikeholdes i henhold til skriftlig drift- og vedlikeholdsavtale,

jamfør vedlegg 2 punkt 2.3 til kapittel 11 Slamavskillere tilknyttet helårsbolig eller fritidsbolig skal tømmes helt for slam etter behov, ikke sjeldnere enn henholdsvis hvert andre og fjerde år. Det er ikke tillatt å slippe ut avløpsslam eller ristgods i en vannforekomst, verken ved dumping fra skip, utslipp fra rørledninger eller på noen annen måte.